



DET KONGELEGE FORNYINGS-
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 82

(2006–2007)

Om lønsregulering for arbeidstakrar i det statlege tariffområdet 2007 mv.

*Tilråding frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet av 1. juni 2007,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

Fornyings- og administrasjonsdepartementet legg med dette fram følgjande saker under kap. 2315
Lønsregulering for arbeidstakrar i det statlege tariffområdet, kap. 1503 Midlar til opplæring og utvikling av tillitsvalde, kap. 1541 Pensjonar av statskassa, kap. 1542 Tilskot til Statens Pensjonskasse, kap. 1546 Yrkesskadeforsikring og kap. 1547 Gruppelivsforsikring:

1. Lønsregulering frå 1. mai 2007 for arbeidstakrar i det statlege tariffområdet med fleire.
2. Regulering av statspensionane per 1. mai 2007 saman med andre pensjonsforhold.
3. Endringar i statsbudsjettet for 2007.

av Innst. S. nr. 235 (2005-2006), jf. St.prp. nr. 69 (2005-2006).

Forhandlingane vart innleidde 13. april 2007 med at organisasjonane og staten la fram og grunnlagt sine krav. Rapport frå Statistikk- og berekningsutvalet i staten vart omdelt. Fram til 30. april gjennomførte partane sonderingar i ei rekke møte. Den 30. april kl. 23.00 la staten fram sitt endelige tilbod/krav. Hovudsamanslutningane aksepterte tilbodet kl. 01.50, 1. mai 2007. Endelig justert protokoll av 9. mai 2007 følgjer som vedlegg 1 med undervedlegg 1 – 4.

Generelt

Oppgjerset for andre avtaleår har ein årlønsauke på om lag 4,8 %. Oppgjerset er om lag på linje med arbeidslivet elles.

Generelle tillegg på hovudlønstabellen – andre avtaleår

Det er gitt generelle tillegg på hovudlønstabellen i staten – tabell A – i form av ein kombinasjon av krone- og prosenttillegg med verknad frå 1. mai 2007. Frå lønstrinn 1 til og med lønstrinn 43 vert det gitt eit tillegg på 4 300 kroner, medan det vert gitt eit prosenttillegg på 1,35 % frå lønstrinn 44 til og med lønstrinn 77. Det vert gitt eit tillegg på 8 200 kroner frå lønstrinn 78 og oppover. Ny hovudlønstabell følgjer som vedlegg 1, undervedlegg 2.

1 Lønsregulering for arbeidstakrar i det statlege tariffområdet med verknad frå 1. mai 2007

1.1 Lønsforhandlingane mv. for andre avtaleår per 1. mai 2007

Hovudtariffavtalen i staten for perioden 2006-2008 mellom staten v/ Fornyings- og administrasjonsdepartementet og tenestemennenes hovudsamanslutningar (LO Stat, Yrkesorganisasjonane Sentralforbund Stat (YS Stat), Akademikerne, Hovudorganisasjon for universitets- og høgskoleutdanna (Unio)) har ei reguleringssføresign for andre avtaleår. Stortinget samtykte i dette ved behandlinga

Særlege tillegg – andre avtaleår

Frå 1. juli 2007 vert alle arbeidstakrar på lønsrammer justerte med eit lønstrinn. Begynnarløn i lønstrinn 29 vert justert til lønstrinn 30. Stillingane som Forskar, Førsteamanuensis, Førstelektor og Førstebibliotekar vert overførd frå lønspenn til ny lønsramme. Begynnarløn er auka for personar med høgare akademisk utdanning og stipendiatar som vert tilsette etter 1. juli 2007.

Lokale forhandlingar – andre avtaleår

Med verknad frå 1. juli 2007 skal det førast lokale forhandlingar innafor ei økonomisk ramme på 0,4 % per dato av lønsmassen, som vert dekt av midlar frå kap. 2315. I tillegg kjem 0,1 % som er midlar verksemndene sjølv må dekkje innanfor allereie gitte løvvingar. Samla ramme for dei lokale forhandlingane vert såleis 0,5 % per dato av lønsmassen innanfor kvart enkelt forhandlingsområde. Partane oppretthald kvinneføringa i dei lokale forhandlingane.

1.2 Lønsforhandlingane mv. for andre avtaleår for tenestemenn tilslutta Norges Ingeniørorganisasjon (NITO) og Norges Farmaceutiske Forening (NFF)

To yrkesorganisasjonar, NITO og NFF, har sjølvstendig forhandlingsrett med staten utan å vere knytte til ei hovudsamanslutning. Desse organisasjonane har etter lov om offentlege tenestetvistar av 18. juli 1958 eigne hovudtariffavtalar med staten.

Det har vore ført parallelle forhandlingar mellom staten v/Fornyings- og administrasjonsdepartementet og NITO/NFF. Fram til 30. april 2007 gjennomførte partane sonderingar i ei rekke møte. Den 1. mai kl. 00.45 la staten fram sitt endelige tilbod/krav. NITO og NFF aksepterte tilboden kl. 02.30, 1. mai 2007. Endleg justert protokoll av 9. mai 2007 følger som vedlegg 2 med undervedlegg 1 – 4 til vedlegg 1 til proposisjonen.

1.3 Lønsregulering mv. for andre avtaleår for embets- og tenestemenn som ikkje vert dekte av hovudtariffavtalen

Det er ein føresetnad frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet at lønsregulering frå 1. mai 2007 mv. vert gjort gjeldande for alle embets- og tenestemenn, også dei som ikkje vert dekte av hovudtariffavtalane. Fornyings- og administrasjonsdepartementet ber difor om fullmakt til å gjere avtalane gjeldande for arbeidstakrar som ikkje er medlem av organisasjonar med forhand-

lingsrett – og som difor ikkje direkte vert omfatta av dei avtaler som er gjorde.

Embets- og tenestemenn i stillingar som er tekne ut av hovudtariffavtalen, får sine løns- og arbeidsvilkår administrativt fastsette i kontrakt, og er difor ikkje omfatta av denne lønsreguleringen.

2 Regulering av statspensjonane per 1. mai 2007 og andre pensjonsforhold mv.

2.1 Pensjonar mv.

Ved handsaminga av St.meld. nr. 29 for 1985-86 føresette Stortinget at pensjonar skal regulerast i takt med grunnbeløpet i folketrygda. Dette vart første gang gjort med verknad frå 1. mai 1986 og seinast 1. mai 2006.

Grunnbeløpet i folketrygda vert i ein eigen stortingsproposisjon foreslått auka frå 62 892 kroner til 66 812 kroner frå 1. mai 2007. Dette medfører ein meirkostnad for dei faste statspensjonane på 499,511 mill. kroner, av dette er 0,971 mill. kroner på kap. 1541 Pensjonar av Statkassen og 498,540 mill. kroner på kap. 1542 Tilskot til Statens Pensjonskasse. Kap. 1546 Yrkesskadeforsikring er auka med 1,621 mill. kroner og kap. 1547 Gruppelivsforsikring er auka med 3,270 mill. kroner.

3 Endringar på statsbudsjettet for 2007

Samla bruttoutgifter ved lønsreguleringa for arbeidstakrar i det statlege tariffområdet per 1. mai 2007, er for tidsrommet 1. mai - 31. desember 2007 rekna til 1 062 mill. kroner. Løyvingsanslaget byggjer på lønsmassen i det statlege tariffområdet per 01.10.2006. Den faktiske bruttoverknaden av lønsoppgjaret i Statsbudsjettet for 2007 vil difor truleg verte noko høgare enn dette.

Overslaget omfattar alle tilsette som går inn under hovudtariffavtalane i staten. Meirutgifter som følgje av auka satsar for overtid og arbeidsgivaravgift er med.

Meirutgifter i samband med lønsreguleringane for forvaltningsorgan med særskilde fullmakter og forvaltningsbedrifter vert dekte innanfor budsjetta til verksemndene.

Verksemder med arbeidstakrar som får løn administrativt fastsett i kontrakt, må dekkje meirutgifta av lønsregulering innanfor eksisterande budsjett.

Etter fråtrekk av det ovanfor nemnde er meirutgiftene rekna til 800 mill. kroner. Etter vanleg praksis vert slike meirutgifter dekte ved at det vert ført opp løyving under kap. 2315 Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet, som Finansdepartementet får fullmakt til å fordele.

Under kap. 1503 Midlar til opplæring og utvikling av tillitsvalde post 70 Tilskot, vert det foreslått ein auke på 5,092 mill. kroner. Forslaget er utrekna på grunnlag av årsverk og lønsmasse i staten per 1. oktober 2006, og er såleis ikkje ein konsekvens av lønsoppgjeret i 2007, men ein justering som følgje av avtale inngått ifm. lønsoppgjeret i 2006. Løyvinga er inklusive 10 mill. kroner til skoleverket som ein del av omstillingsperioda frå 01.05.2004 – 30.04.2008, jf. inngått avtale mellom partane.

Under kap. 1541 Pensjonar av statskassen, post 01 Driftsutgifter, vert det foreslått ein auke med 0,971 mill. kroner som følgje av auken i grunnbeløpet (G) i folketrygda.

Under kap. 1542 Tilskot til Statens Pensjonskasse, vert det foreslått ein auke i overslagsløyvinga med netto 479,834 mill. kroner. Meirutgifter til løpende pensjonar, som følgje av endring i grunnbeløp (G) i folketrygda, utgjer 654,671 mill. kroner. Samtidig er overslaget for premieinntekter justert opp med 155,219 mill. kroner som ein følgje av lønsoppgjeret. Netto tilskot til Statens Pensjonskasse på kap. 1542 vert difor auka med 479,834

mill. kroner. Auken fordeler seg med 474,285 mill. kroner under post 01 og 5,549 mill. kroner under post 70.

Under kap. 1546 Yrkesskadeforsikring og kap. 1547 Gruppelivsforsikring medfører auken i grunnbeløpet nye overslag for løyvingsanslaget. Auken utgjer 1,621 mill. kroner under kap. 1546 og 3,270 mill. kroner under kap. 1547.

Det er avsett midlar til dekning av meirutgiftene ved lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet mv. under kap. 2309 Tilfeldige utgifter, post 01 Driftsutgifter. Løyvinga under kap. 2309 Tilfeldige utgifter vil verte redusert i samband med proposisjon om ny saldering av statsbudsjettet 2007 til hausten.

Under kap. 635 Venteløn vart det i samband med Revidert nasjonalbudsjett foreslått ein auke i løyvinga med om lag 5 mill. kroner, jf. St.prp. nr. 69 (2006-2007).

Fornyings- og administrasjonsdepartementet

til rår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet 2007 mv.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t a r :

Stortinget vert bedt om å gjere vedtak om lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet 2007 mv. i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om lønsregulering for andre avtaleår per 1. mai 2007 for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet mv.

I

I statsbudsjettet for 2007 vert det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
2315	01	Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet Driftsutgifter, vert løyvd med.....	800 000 000
1503	70	Midlar til opplæring og utvikling av tillitsvalde Tilskot, vert auka med frå kroner 86 127 000 til kroner 91 219 000	5 092 000
1541	01	Pensjonar av statskassen Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kroner 23 400 000 til kroner 24 371 000	971 000
1542	01	Tilskot til Statens Pensjonskasse Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kroner 7 577 000 000 til kroner 8 051 285 000	474 285 000
	70	For andre medlemmer av Statens Pensjonskasse, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kroner 84 000 000 til kroner 89 549 000	5 549 000
1546	01	Yrkesskadeforsikring Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kroner 75 000 000 til kroner 76 621 000	1 621 000
1547	01	Gruppelivsforsikring Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> , vert auka med frå kroner 78 700 000 til kroner 81 970 000	3 270 000

II

Stortinget samtykkjer i at det med verknad frå 1. mai 2007 vert føreteke regulering av løningane mv. for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet som er medlemmer av LO Stat, YS Stat, Akademikerne og Unio i samsvar med forhandlingsforslaget i protokoll av 9. mai 2007

III

Stortinget samtykkjer i at det med verknad frå 1. mai 2007 vert føreteke regulering av løningane mv. for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet som er medlemmer av NITO og NFF i samsvar med forhandlingsforslaget i protokoll av 9. mai 2007.

IV

For embets- og tenestemenn som ikkje er medlemmer av organisasjonar som nemnde i romartal II og III og difor ikkje får sine løns- og arbeidsvilkår fastsette i hovudtariffavtale, skal det gjelde same løns- og arbeidsvilkår som etter romartal II og III. Embets- og tenestemenn som er tekne ut av hovudtariffavtalen, får sine løns- og arbeidsvilkår fastsette administrativt i eigen kontrakt.

V

1. Pensjonar i Statens Pensjonskasse vert regulerete i samsvar med auken i grunnbeløpet i folketrygda per 1 mai 2007.

2. Statens pensjonskasse vert gitt fullmakt til å regulere og tilpasse pensjonar som på grunn av særlege pensjonstekniske forhold ikkje med rimeleg resultat kan regulerast i samsvar med punkt 1.
 3. Fornyings- og administrasjonsdepartementet får fullmakt til å regulere pensjonar av statskassa på same måte som for statspensionistar etter punkt 1.
-

VI

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet får fullmakt til å fordele løvinga under kap. 2315 Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet, post 01 Driftsutgifter, på dei av postane i statsbudsjettet som har lønsløyving.

Vedlegg 1**Protokoll**

År 2007, den 13., 19., 23., 27., 29., 30. april, 3. og 9. mai ble det holdt forhandlingsmøter i Fornyings- og administrasjonsdepartementet om Hovedtariffavtalen i staten 1. mai 2006 - 30. april 2008, jf. Hovedtariffavtalens pkt. 1.4.4 – Reguleringsbestemmelser for 2. avtaleår.

Til stede på ett eller flere møter:

Geir Bjørkli
Siv Karin Kjølmoen
Stein Erik Syrstad
Steinar Egeland
Sture Stokland
Tor-Arne Solbakken
Turid Lilleheie

Fra Fornyings- og administrasjonsdepartementet:

Per Kristian Knutsen
Grete Jarnæs
Arnulf Leirpoll
Johannes Eithun
Jon Inge Grønningsæter
Thormod Narum
Even Monsrud
Torgeir Bjørnaraa
Else Anette Grannes
Bård Westbye
Grete Molle Torgersen
Yngvar Tveit
Tormod Reiersen

Fra LO Stat:

Morten Øye
Tone Sørsterud
Kari Kjerkol
Randi Stensaker
Odd Jørgen Sørengen
Anita Solhaug
Anne Grethe Skårdal
Arvid Tønnesen
Berit Hobber
Guro Vadstein
Jarle Eide
John Leirvåg
Kjell Atle Brunborg
Knut Svardal
Kristine Hansen
Lars Erik Lilleødegård
Lars Fuglesang
Nils Jørgen Karlsholm
Oddbjørn Nilsen
Peter André Moe
Renée Rasmussen
Rita Bråten

Fra YS Stat:

Pål N. Arnesen
Eivind R. Solberg
Anne S. Henriksen
Paul-Gunnar Zindel
Hans-Erik Skjæggerud
Kristine Sandvik

Fra Akademikerne:

Curt A. Lier
Per Egeness
Greta Torbergsen
Odd Håker
Mette Sofie Kjølsrød
Hans Jørgen Sommerfelt
Steinar Høibråten

Fra Unio:

Arne Johannessen
Eirik Rikardsen
Sigve Bolstad
Victor-Bjørn Nielsen
Annie Sandersen Skotaam
Sigrid Lem
Frank Anthun
Svein Kristiansen
Christine Moe Hovin
Bjørg Sundøy
Kari Tangen
Bente Mørck Krogdahl
Leif Endre Grutle
Arne Krogstad

Fungerende statens personaldirektør Per Kristian Knutsen ledet møtene.

Han viste innledningsvis til protokoll av 30. april og tilleggsprotokoll av 3. mai 2007.

Partene ble enige om at disse protokollene utgår, og erstattes med følgende protokoll der nevnte protokoller inngår:

Etter nærmere forhandlinger i fellesmøter og særsmøter kom partene til enighet om endringer i Hovedtariffavtalen 2006-2008, slik det fremgår av vedlegg.

Undervedlegg 1

Endringer i hovedtariffavtalen pr. 1. mai 2007

1. Tabell A – Hovedlønnstabellen

Endringer i Tabell A pr. 1. mai 2007 fremgår av vedlegg 1.

2. Avsetning til lokale 2.3.3 forhandlinger pr. 1. juli 2007

Det avsettes 0,4 % pr. dato av lønnsmassen til forhandlinger pr. 1. juli 2007 etter hovedtariffavtalens pkt. 2.3.3. I tillegg kommer 0,1 % pr. dato av lønnsmassen på grunn av skifte av arbeidstakere.

3. Endringer i lønnsplanene m.v.f. 1. juli 2007:

a) Lønnsrammene justeres 1 lønnstrinn slik:

Alternativ 2, 3 osv. blir alternativ 1, 2 osv. Nytt alternativ 8 etter samme system.
Alternativ 9 - 21 økes 1 ltr.

b) Lønnspenn

Lønnspenn med begynnerlønn i ltr. 29 justeres til ltr. 30.

c) Overføring av stillinger fra lønnspenn til lønnsramme

Stillingene som 1109 Forsker, lpl. 90.400, 1011 Førsteamanuensis og 1198 Førstelektor, lpl. 17.510, og 1200 Førstebibliotekar, lpl. 17.520, overføres fra lønnspenn til NY lønnsramme 24, jfr. vedlegg 2.

Arbeidstakerne innplasseres i lønnsrammen med det lønnstrinnet de hadde på lønnspennet pr. 30. juni 2007, og gis tilsvarende fiktiv tjenesteansennitet, likevel slik at ingen skal lønnes lavere enn ltr. 57.

Arbeidstakere som pr. 30. juni 2007 var innplassert i ltr. 76 - 82 på lønnspennet, beholder sin lønnspllassering som en personlig ordning.

Følgende merknad tas inn på de lønnsplaner som ovennevnte stillinger står oppført:

«Ved tilsetting i stilling som (kode tittel) etter 1. juli 2007 kommer godskrivingsrege-

lene i fellesbestemmelsene § 5 og sikringsbestemmelsen i § 4 nr. 3 ikke til anvendelse. Opprykk på lønnstigen skjer etter tjenesteansiennitet i stillingen.»

- d) I godskrivingsregelen på lpl. 17.515 endres første ledd slik:

Ved tilsetting fra *1. juli 2007* eller senere som 1017 Stipendiat og 1476 Spesialistkandidat, foretas innplassering på minimum *ltr. 43*, LR 20, alt. 1, og det gis tilsvarende fiktiv tjenesteansiennitet.

4. Fellesbestemmelsene

Spesiell godskrivingsregel i fellesbestemmelsenes § 5 B nr. 3, første setning endres slik:

Ved tilsetting etter *1. juli 2007* innplasseres de med høyere akademisk utdanning i *ltr. 40*, og gis tilsvarende fiktiv tjenesteansiennitet.

5. Forhandlingssteder

Endringer i forhandlingsstedene pr. 1. mai 2007 fremgår av vedlegg 3.

Staten forutsetter at dersom lønnsendringer i dette oppgjøret medfører at sikringsbestemmelser utløses, dekkes kostnadene av de midler som er avsatt til lokale 2.3.3 forhandlinger pr. 1. juli 2007.

Undervedlegg 2

Hovedlønnstabell

Lønnstrinn	Lønnstabell pr 30.04.2007	Lønnstabell pr 01.05.2007
1	178 100	182 400
2	180 500	184 800
3	182 900	187 200
4	185 300	189 600
5	187 700	192 000
6	190 100	194 400
7	192 500	196 800
8	194 900	199 200
9	197 300	201 600
10	199 700	204 000
11	202 100	206 400
12	204 500	208 800
13	206 900	211 200
14	209 300	213 600
15	211 900	216 200
16	214 900	219 200
17	218 200	222 500

Om lønsregulering for arbeidstakrar i det statlege tariffområdet 2007 mv.

Lønnstrinn	Lønnstabell pr 30.04.2007	Lønnstabell pr 01.05.2007	Lønnstrinn	Lønnstabell pr 30.04.2007	Lønnstabell pr 01.05.2007
18	221 500	225 800	66	485 300	491 800
19	224 900	229 200	67	494 200	500 900
20	228 300	232 600	68	502 800	509 600
21	231 900	236 200	69	512 600	519 500
22	235 500	239 800	70	522 500	529 600
23	239 200	243 500	71	535 200	542 400
24	242 900	247 200	72	544 700	552 100
25	246 800	251 100	73	554 300	561 800
26	250 700	255 000	74	564 400	572 000
27	254 300	258 600	75	575 400	583 200
28	257 900	262 200	76	590 300	598 300
29	261 500	265 800	77	605 100	613 300
30	265 100	269 400	78	625 000	633 200
31	268 700	273 000	79	644 800	653 000
32	272 500	276 800	80	664 800	673 000
33	276 300	280 600	81	684 800	693 000
34	280 100	284 400	82	704 800	713 000
35	284 000	288 300	83	724 800	733 000
36	288 000	292 300	84	744 800	753 000
37	292 300	296 600	85	769 800	778 000
38	296 700	301 000	86	794 800	803 000
39	301 200	305 500	87	819 800	828 000
40	306 000	310 300	88	839 800	848 000
41	310 700	315 000	89	859 800	868 000
42	316 200	320 500	90	879 800	888 000
43	321 500	325 800	91	899 800	908 000
44	327 200	331 600	92	919 800	928 000
45	332 700	337 200			
46	338 500	343 100			
47	344 500	349 100			
48	350 500	355 200			
49	356 700	361 500			
50	362 900	367 800			
51	369 300	374 300			
52	376 000	381 100			
53	383 000	388 200			
54	389 600	394 900			
55	396 700	402 100			
56	403 700	409 100			
57	410 800	416 300			
58	418 400	424 000			
59	426 000	431 700			
60	433 600	439 500			
61	441 900	447 900			
62	450 500	456 600			
63	459 300	465 500			
64	467 900	474 200			
65	476 700	483 100			

Undervedlegg 3**Lønnsramme 24**

		Tjenesteansiennitet																			
		0	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	20	24	28
LR24		1	57	58	59	60	61	62	63	64	65	66									
		2	58	59	60	61	62	63	64	65	66	67									
		3	59	60	61	62	63	64	65	66	67	68									
		4	60	61	62	63	64	65	66	67	68	69	70								
		5	61	62	63	64	65	66	67	68	69	70									
		6	62	63	64	65	66	67	68	69	70										
		7	63	64	65	66	67	68	69	70											
		8	64	65	66	67	68	69	70												
		9-21	(63 - 75)																		

Figur 1.1

Undervedlegg 4**Endringer i forhandlingsstedene
pr. 1. mai 2007***Barne- og likestillingsdepartementet:**Forhandlingsområde:*

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

Bufetat

Forhandlingssted:

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

*Justis- og politidepartementet:**Forhandlingsområde:*

Kriminalomsorgen region øst

Kriminalomsorgen region nordøst

Kriminalomsorgen region sør

Kriminalomsorgen region sørvest

Kriminalomsorgen region vest

Kriminalomsorgen region nord

Forhandlingssted:

Kriminalomsorgen region øst

Kriminalomsorgen region nordøst

Kriminalomsorgen region sør

Kriminalomsorgen region sørvest

Kriminalomsorgen region sørvest

Kriminalomsorgen region nord

UTGÅR

Kriminalomsorgen

Oslo byfogd

Oslo skifterett og byskriver

UTGÅR

Kriminalomsorgens sentrale forvaltning

Oslo byfogd

Oslo skifterett og byskriver

*Kultur- og kirkedepartementet:**Forhandlingsområde:*

NAVNEENDRING

Forvaltningsorganet for opplysningsvesenets fond

*Kunnskapsdepartementet:**Forhandlingsområde:*

NAVNEENDRING

Arkitekt- og designhøgskolen i Oslo

Forhandlingssted:

NAVNEENDRING

Forvaltningsorganet for opplysningsvesenets fond

Forhandlingssted:

NAVNEENDRING

Arkitekt- og designhøgskolen i Oslo

Vedlegg 2**Protokoll**

År 2007, den 13., 19., 23., 29., 30. april, 1. og 9. mai ble det holdt forhandlingsmøter i Fornyings- og administrasjonsdepartementet om Hovedtariffavtalen i staten

1. mai 2006 - 30. april 2008, jf. Hovedtariffavtaleens pkt. 1.4.3 – Reguleringsbestemmelser for 2. avtaleår.

Til stede på ett eller flere møter:

Fra Fornyings- og administrasjonsdepartementet:

Jarnaes, Grete A.
Torgeir Bjørnaraa
Monsrud, Even
Grannes, Else Anette

Fra Norges Ingeniørorganisasjon:

Hatlebakk, Janne Marthe
Hansen, Per Ole
Lysberg, Trine Lise

Fra Norges Farmaceutiske Forening:

Aarnes, Edvin A.
Eide, Wencke Sartori

Underdirektør Grete A. Jarnæs ledet møtene.

Hun viste innledningsvis til protokoll av 30. april 2007. Partene ble enige om at denne protokollen utgår, og erstattes med følgende protokoll der nevnte protokoll inngår:

Etter nærmere forhandlinger i fellesmøter og særsmøter kom partene til enighet om endringer i Hovedtariffavtalen 2006-2008, slik det fremgår av vedlegg.

(Sjå vedlegg 1, undervedlegg 1 - 4 i denne proposisjonen)
